



# VELKOMEN TIL VÅGÅHALLEN HANDBALLSESONGEN 2020-21!

Vi har starta opp ein spesiell handballsesong, og som gjest i vår hall er det viktig at du følgjer dei retningslinene vi har laga.

Desse er laga ut frå *Veileder for kamper og arrangement* som du finn her:

<https://www.handball.no/nyheter/2020/08/veileder-for-kamp-og-arrangement/>

Klubben stiller med hallansvarleg under kampane. Dei er der for å sikre ei trygg og god gjennomføring av arrangementet. Ver vennleg å respektere beskjedar og instruksjonar.

## Til laga, spelalarar, trenarar og støtteapparat

- ✓ Personar som er tilstades, skal halde minst ein meters avstand til kvarandre, med unntak av spelalarar i oppvarming og trenings-/kampaktivitet
- ✓ Alle lag vil bli møtt av hallansvarleg frå styret
- ✓ Alle lag som møter i hallen stiller med liste over både spelalarar, støtteapparat **og tilskodarar**. Denne leverer lagleiar i mottaket i hallen. **Vi slepper kun inn dei som står på lista**
- ✓ Pga av koronasituasjonen så er reinhald på skular og barnehagar prioritert. **Det er derfor ikkje kapasitet til at vi kan opne dusj og garderober under handballkampane inntil vidare denne hausten**
- ✓ Unngå trengsel ved inn- og utgang
- ✓ Oppvarming skjer på eige merka område ute
- ✓ Ingen lag byter side mellom omgangane i kamp, alle sit med meteravstand på benken
- ✓ Vi handhelsar ikkje, kun alboge og fot
- ✓ Det blir sett fram hand- og overflatedesinfeksjon både i garderober og ved innbytterbenk
- ✓ Hald laget mest mogleg samla ved inn- og utgang - og under oppvarming. Om nødvending kan laga bli bedt om å vente ute til hallen er tømt og gjort klar
- ✓ Når kampen er slutt ønskjer vi at alle forlet hallen så fort som mogleg

## Til publikum

- ✓ Inngang/utgang: Benytt hovedinngang ved ankomst. Alle spritar hender ved inngang og utgang av hallen. Vågå handball oppbevarer registreringsskjemaene i 10 dagar av smittesporingsomsyn, før dei blir makulert.
- ✓ Tribune: Denne er delt inn i sone for borte- og heimelag. Dette merkast spesielt. Publikum frå bortelaget nyttar seg av venstre side i hallen – dette er merka. Alle skal halde metersavstand til kvarandre, også dei frå same husstand.



Adresse: Postboks 19, 2680 Vågå  
Tlf. 91132413  
E-post: post@vagail.no



- ✓ Kontantfri hall. Vi vil kun ta imot Vipps og kort, **ikkje kontantar**. Hugs å halde avstand i køen
- ✓ Kiosk: Vi vil kun ha salg av kaffe, brus og sjokolade. Ha ev. med eigen niste
- ✓ Overflatar blir vaska/sprita kontinuerleg

**Utover dette oppfordrar vi alle til å følge smittevernets «gylne treenighet»:**

1. Om du føler deg sjuk – hald deg heime – alltid. Dette gjeld alle grupper: Spelarar – trenarar – lagleiarar – funksjonærar – tilskodarar
2. God hand- og hostehygiene skal praktiserast på trening og kamp
3. Hald avstand og unngå nærbane kontakt utanfor trening og kampaktiviteten som foregår på banen. Hugs at alle alltid skal følge metersregelen – med unntak av spelarar i oppvarming og trenings-/kampaktivitet

***Til slutt oppfordrar vi til Fair Play og mykje handballmoro. God kamp!***

**Begeistring  
Innsatsvilje  
Respekt  
Fair Play**



Adresse: Postboks 19, 2680 Vågå  
Tlf. 91132413  
E-post: post@vagail.no